

I år er tema «Trygt og godt oppvekstmiljø i kommunen». Ein ser da på kva familie, vener, fritid, skule og barnehage har å sei for at barn og unge skal kjenne seg trygge i lokalmiljøet og oppleve meistring. I Gol er andelen born som bur i låginntektshushaldningar høgre enn snittet for Buskerud og heile landet. Økonomisk uro kan føre til stress i heimemiljøet, og ein ser at born i familiar med låg inntekt oftare har psykiske og fysiske helseplagar. Det er viktig at kommunen sett inn tiltak for å jamne ut slike sosiale ulikeheiter i helse.

Det er gledeleg å sjå at tala for ungdom som opplev mobbing har gått ned i Gol. Me er nå omtrent på linje med landssnittet. Det er viktig at både skule, barnehage og familieane jobbar kontinuering med å førebygge mobbing. Elles er det og gledeleg å sjå at ungdommane er fornøgde med lokalmiljøet i Gol, og har eit bra tilbod på sosiale treffstader.

Andre trekk i folkehelseprofilen for Gol 2019:

- Andelen med låg utdanning og låg inntekt er fortsatt høg, samanlikna med resten av landet og fylket.
- På skulen har dei fortsatt gode resultat i lesing, men låg meistringsgrad i rekning.
- I punktet for god drikkevassforsyning har det skjedd ein feil. I alle år har Gol hatt 100% tilfredsstillande resultat, men i år står det 0%. Leiar for vassverket i Gol kan melde om at det ikkje har vore avvik på vassprøvene dei siste åra, og at resultatata er meldt inn til Mattilsynet kvart år. Feilen er meldt til Folkehelseinstituttet.
- Når det gjeld helse og sjukdom ligg Gol si befolkning fortsatt rimeleg bra an. Det er få skadar og helseplagar, og forventa levealder, særleg for kvinner, er fortsatt er høg.
- Sjølv om ungdommane våre sitt noko mindre framfor skjerm enn ungdom elles i landet og fylket, er andelen som er lite fysisk aktive og er overvektige noko høgare. Men her er det ei viss usikkerheit i tala.